



# Språkspor i byen. Formidling av språk og stad som immateriell kulturarv

Trude Bukve, Ingvil Brügger Budal og Samuele Mascetti

*This article presents the project *Language Traces in the City*, developed at the Western Norway University of Applied Sciences (HVL) in 2021. The project aims to increase interest in and knowledge of language as intangible cultural heritage. To do this, students develop digital language routes in the cityscape. Central theoretical frameworks in this project are onomastics and sociolinguistics, and the posts disseminate knowledge on themes such as history of language, language variation, multilingualism, and language in relation to identity and power. We argue that inviting students to curate knowledge about language in the cityscape can offer creative and new perspectives on place names and the linguistic landscape.*

## Språket som immateriell kulturarv

I formidlinga av kulturhistorie blir språket i stor grad tematisert som eit verktøy for å formidle kunnskap om objekt, som bygg og gjenstandar, subjekt, som personar og grupper, eller immateriell kulturarv knytt til handlingar og tradisjonar (Sandmark 2017: 58). Kunnskapen om sjølve språket blir dermed avgrensa til korleis det kan nyttast for å beskrive objekt og subjekt, eller handlingar og tradisjonar på ein måte som er tilpassa eit tenkt publikum. Men UNESCO har i definisjonen sin av kulturarv ikkje avgrensa dette til monument og samlingar av objekt, altså det som er konkret og fysisk. Kulturarv famnar også om nedarva tradisjonar og levande uttrykk som blir vidareført til etterkommarar, og her finn vi blant anna språk og sosiale praksisar. Desse inngår i den immaterielle kulturarven som UNESCO definerer som «praksisar, representasjonar, uttrykk, kunnskap [og] evner [...] som samfunn og grupper, og i nokre tilfelle individ, anerkjenner som ein del av sin eigen kulturarv» (UNESCO 2003).

Eit døme på slik immateriell kulturarv er språket og stadnamna. Gjennom namngjeving tek menneske kontroll over omgjevnadene og etterlet sitt eige avtrykk, og namna og språket som omgjev oss blir slik ein del av kulturen og kulturarven (Ainiala 2016) som kan brukast som ein inngang til formidlinga av fleire sider ved språket og den immaterielle kulturarven. Stadnamn er ofte tett knytte til lokalhistorie og -kultur og mange av dei eldste namna har gradvis vaks fram i eit lokalmiljø for så å ha blitt vedtekne som offisielle namn (Særheim 2007). Den offisielle urbane namngjevinga skil seg ofte frå den normale namngjevinga av stader (Særheim 2007), og ulike stader i byen vil kunne gje oss kunnskip om korleis byen har blitt påverka av til dømes internasjonale impulsar.

Ved å ta utgangspunkt i byrommet kan ein formidle denne kunnskapen. I byen finst mellom anna spor av språkhistoria, av språkleg variasjon og mangfold, normeringspraksisar, ulike skriftspråk og skriftsystem, og dessutan språklege maktstrukturar. I denne artikkelen tek vi føre oss staden som inngang til kunnskap om språk, og korleis digitale språkruter kan formidle kunnskap om språk som immateriell kulturarv. Vidare drøftar vi korleis formidlinga av språk knytt til staden kan auke både medvitet om og statusen til språk generelt og namnegranskingspasielt, også hos eit breiare publikum. Til slutt syner vi korleis kunnskap om stadnamn og språklege fenomen i det lingvistiske landskapet vil gje auka medvit i dagsaktuelle debattar om språk, og språk knytt til makt. Ved å presentere ei språkrute illustrerer vi korleis byrommet kan vere ei rik kjelde for formidling av språket som immateriell kulturarv. Artikkelen er ei utviding og vidareføring av det didaktiske og skuleretta prosjektet *Språkspor i byen* på Høgskulen på Vestlandet.

## Bakgrunn

Prosjektet *Språkspor i byen* blei starta opp og testa ut med ei gruppe lærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet, studiestad Bergen, våren 2021.<sup>1</sup> Det overordna målet har vore at studentar skal ta i bruk lokalmiljøet som kjelde til læring om norskfaglege tema. Ideen bak prosjektet er at studentane lærer meir ved å ta utgangspunkt i eige språk og lokalmiljø, og ved å nytte språket i mellompersonlege og meiningsfulle samanhengar (Budal 2017). Gjennom studentaktive læringsformer har studentane brukt byrommet aktivt i eiga læring. Særleg sentrale fagfelt har vore onomastikken og sosiolinguistikken, og gjennom sjølvstendig og systematisk utforsking

1 Frå og med hausten 2021 blei HVL, studiestad Sogndal med i prosjektet.


har studentane fått djupare innsikt i og forståing for språk som sosiale praksisar. Onomastikken og sosiolinguistikken er tverrfaglege forskingsfelt, men tilnærmingane for å undersøke namngjevingspraksisar er påverka av spesifikke historiske disiplinære tradisjonar og mønster (Rose-Redwood 2021). Dei onomastiske perspektiva har blitt nytta i møte med stadnamna i byrommet, medan dei sosiolinguistiske perspektiva er sentrale i arbeidet med språkleg variasjon, som sosiolektar, dialektar, fleirspråklegheit og haldninga til desse. Også i arbeidet med stadnamna er sosiolinguistikken sentral, og ved å sjå på den sosiale og kulturelle konteksten som stadnamna er utvikla og brukt i (Ainiala 2016), får studentane også kjennskap til sosionomastikken.

Det er likevel meir enn sjølve stadnamna og korleis desse er knytte til lokal historie og kultur som blir vektlagt i prosjektet *Språkspor i byen*. Gjennom arbeidet skal studentane kople faglitteraturen til lokale gatenamn, skilje mellom typar språkbruk, dialektar og/eller sosiolektar i lokalmiljøet, sjå språkhistoria i staden og kople skriftspor frå graffiti og gatekunst til runeinnskrifter og handverkarsignaturar. Målet med dette er todelt, studentane skal først og fremst utvikle ei djupare forståing for dei aktuelle norskfaglege tema som staden kan representer, og dei skal dessutan formidle denne kunnskapen ved å syne til språket og den immaterielle kulturarven som dei ulike stadene ber med seg. For å formidle denne kunnskapen har studentane utvikla språkruter der digitale postar med norskfagleg innhald er tilpassa eit språkinteressert publikum.

### **Studenten som kurator**

Ei språkrute er ei avgrensa løype med postar om språk knytte til ein faktisk stad. Desse kan også vere digitale. Innhaldet kan tilpassast på ulike måtar, både til ulike målgrupper, frå elevar til ålmenta, og med ulike tematiske avgrensingar. Med byen som utgangspunkt for formidling om språk er mogelegheitene mange, og innhaldet i ei språkrute inkluderer stadnamna, men er ikkje avgrensa til desse. Stader som Møhlenpris, Bryggen, Kalfaret og Laksevåg, eller Nygård og Høyden i Bergen kan representera ulike tema knytte til stadnamn, dialektar og sosiolektar, fleirspråklegheit, normering og skriftspråk, lånord og nabospråk. Kvar av desse bydelane gjev fleire ulike vegar inn i språket.

Bilete 1 syner eit utval av språkpostar som lærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet utvikla våren 2022. Som tidlegare nemnt tok stu-



*Bilete 1 Ved å lage postar som kan opnast ved bruk av digitale verktøy, kan både elevar og andre språkinteresserte lære meir om språk gjennom å ta utgangspunkt i staden dei er på. Skjermbilete henta fra padlet.com.*

dentane utgangspunkt i staden då dei skulle utvikle postane, og her er det studentane sjølv som avgjer kva for meiningsinnhald dei ønskjer å løfte fram på den aktuelle staden. På same måte som kuratoren ved eit museum har ansvar for planlegginga, gjennomføringa og formidlinga av samlingar med historisk og/eller kulturell tyding, opptrer studenten som kurator ved å ta aktive val når det kjem til kva for språkfagleg innhald dei ønskjer å presentere, og korleis formidlinga av dette innhaldet skal organiserast. I dette arbeidet er det studenten som vel ut og på den måten kuraterer kva for del av den immaterielle kulturarven som er historisk eller kulturelt viktig nok til at kunnskapen blir inkludert og vidareformidla.

### Digital formidling av språket som immateriell kulturarv

Ved å ta i bruk lokasjonsbaserte tenester kan ein gje ålmenta ulike opplevingar av kulturminnet dei står ved. I dette prosjektet har vi nytta QR-kodar knytte til kvar enkelt stad. Denne digitale formidlinga gjer kunnskap om

språk og forsking på språk tilgjengeleg gjennom multimodale uttrykksformer som tekst, bilete, lyd- og videofiler og digitale kart. Kunnskapen kan enkelt tilpassast ulike publikum og språk. Og her kan teknologien gje moglegheit for at den enkelte kan fordjupe seg i tema, personar og kontekstar, samtidig som det blir opna for nye former for interaksjon (Norsk Teknisk Museum 2016). Medan bruken av QR-kodar har blitt testa ut og brukt i formidlinga av kulturminne på museum (sjå til dømes Klevfos industrimuseum u.å.), er det i liten grad utforska korleis QR-kodar kan brukast for å formidle kunnskap om den immaterielle kulturarven, og i vårt tilfelle språket. Dei QR-koda postane i *Språkspor i byen* inneholder ulike typar informasjon om språket på den faktiske staden. Kodane blir plasserte i byrommet (sjå kart på biletet 1), og ein fordel ved kodane er at dei kan lesast sjølv om dei har fått mindre skadar (Nätt 2022). QR-kodane er lett tilgjengelege for språkinteresserte som beveger seg rundt i byrommet og krev korkje nedlastingar eller oppretting av ein brukarkonto.

I det følgjande syner vi innhaldet i ei språkrute og diskuterer korleis dei aktuelle postane kan brukast for å formidle kunnskap om språket som immateriell kulturarv, og ikkje minst nyttast som utgangspunkt for debattar om språk og makt.<sup>2</sup>

### **Post 1 – Landskap i urbane strøk: Byfjella i Bergen**



*Biletet 2 Frå Muséplassen kan vi skimte dei tre byfjella Ulriken, Fløyen og Rundemanen. Dei tre fjella representerer tre ulike vegar inn i språket. Biletet er henta frå Google maps.*

---

2 Denne språkruta blei utvikla for ei spesifikk målgruppe, altså deltakarane på jubileumskonferansen *Norsk stadnamnarkiv i 100 år* i Bergen 2021.

Namna på byfjella Fløyen, Rundemanen og Ulriken representerer tre ulike namngjevingspraksisar som mellom anna kan gje kunnskap om normering, språkleg variasjon, etymologi og språkhistorie. Fløyen skal ha fått namnet sitt frå ei vindfløy som stod på Fløyen i fleire hundre år, og som skulle vise vindretninga for skip som segla ut frå Vågen (Akselberg 2012: 303). På veg opp til Fløyfjellet tek ein Fløibanen. Dei to ulike rettskrivningspraksisane her (*fløi* – *fløy*) opnar for utforsking av ortografi og normering, og synleggjer at dette ikkje er faste praksisar, men kan endrast. I rettskrivningsreforma i 1938 blei det vedteke at skrivemåten av denne diftongen skulle endrast frå *øi* til *øy* i alle ord i bokmål. Fjellnamnet Rundemanen kan brukast for å løfte fram to trekk ved bergensdialekta: eitt lydleg (lenging av korte vokalar i einstava ord) og eitt morfologisk (bergensk felleskjønn). I folkeetymologien blir Rundemanen gjerne kopla til substantivet «mann», men det er hokjønnsordet «man», ‘faks’ som ligg til grunn for fjellnamn med etterlekken *-manen*: Forma på landskapet minner om mana på ein hest. Opphavet til denne folkeetymologien finst truleg i bergensdialekta. I substantiv med stammeutlyd på *-nn* eller *-ll* har tradisjonell bergensk eit «eiendommelig kvantitetsbytte» (Larsen, 1911: 42 f.) med lenging av korte vokalar: Dei fleste bergensarar seier *en man* [en ma:n] og *den man'n* [den ma:n] i staden for *mann* [man:] og *mannen* [mann]. Bergensk manglar dessutan grammatisk hokjønn, slik at *ei man* blir *en man*. Her kan det også leggjast til at ein i eldre kjelder også finn etterlekken *-manden* (Bergen byleksikon 2001), noko som også syner at ‘man’ har vorte tolka som ‘mann’. Døme på dette finn ein i eldre kjelder som til dømes hos Holberg på 1700-talet (*Holberg-Ordbog* 1981–88), Aftenposten (1913) og Morgenbladet (1912), og i nyare kjelder som Sletten (2008). Dette er ei folkeetymologisk tolking der den formelle eller semantiske likskapen mellom ord fører til feiltolkingar.

Fjellnamnet Ulriken illustrerer ein annan type folkeetymologisk tolking. Her finn ein ei forvanskning av eit ord etter påverknad frå andre formelt like ord. Namnet Ulriken liknar på det tyske mannsnamnet Ulrik (Akselberg 2012: 358), men fjellnamnet kjem frå gamalnorsk *Álrekr*, og tyder ‘den ruvande’ (NG 11: 290–91). Dette namnet er òg knytt til Alrekstad, kongsgarden *Álreksstaðir* i mellomalderen, i dag Årstad. Namnet slik vi kjerner det i dag, er resultatet av ei samandraging. I skriftlege kjelder frå om lag 1520 finn ein forma *Aarestadt* (Akselberg 2012: 365).

I tillegg til å formidle kunnskap om språklege endringsprosessar, kan

ein post i dette området også nyttast for å auke medvitet om eksisterande språklege ressursar, som til dømes Norsk stadnamnarkiv. Den immaterielle kulturarven inkluderer både vedtekne stadnamn og den uoffisielle namngjevinga som oppstår i eit lokalmiljø. Arkivmaterialet frå det som før heitte Norsk stadnamnarkiv, finst på Universitetet i Bergen, og då på Nygårdshøyden. Kortforma Høyden er eit godt innarbeidd namn for dette området der ein mellom anna finn studietilboda innanfor samfunnsvitskaplege og humanistiske fag. Og at denne kortforma er etablert hjå dei fleste i Bergen, og særleg UiB-studentar, er mellom anna namnet til studentavisa *På Høyden* eit godt døme på. Men dette området har hatt fleire namn, og på 70-talet fekk området det uoffisielle namnet Leninhøyden. Tilnamnet oppstod i den borgarlege pressa, fordi området, med sine radikale studentar og universitetstilsette, var ei motvekt til resten av byen, ein by som var, og er, sterkt prega av tradisjonar og eit konservativt næringsliv (Lexau 2015). Likevel er det første dokumenterte treffet på Leninhøyden ikkje frå den lokale pressa, men frå den nasjonale. Ifølgje Atekst finn ein Leninhøyden først i eit lesarbrev i VG frå 1972, der tilsette ved «Historisk Institutt på Leninhøyden i Bergen» blir omtalte (VG 5.12 1972: 3). Det opphavleg uformelle stadnamnet er no godt etablert.

Døme på uoffisiell namngjeving finn ein også i Språksamlingane ved Universitetet i Bergen. Her kan ein mellom anna finne Skulebarnoppskriftene, som er ei samling av 800 000–1 000 000<sup>3</sup> namn i nærmiljøet som korkje var offisielle eller normerte, men var ein del av kvardagsspråket då namna blei samla inn frå og med 1930-talet. Namna i Skulebarnoppskriftene fortel om både funksjonen til og bruken av nærmiljøet. Det er tvillaust at borns bruk av og forhold til den geografiske staden har endra seg sidan 1930-talet, men ei tilsvarende innsamling av namn, anten på ein skule eller i større omfang, vil kunne gje informasjon om korleis born nytta og oppfattar nærmiljøet i dag (for døme sjå Bugge 2018, Heide 2016). Det urbane miljøet i Bergen blei ikkje rekna som genuint nok, og difor blei det ikkje samla inn uoffisielle namn der. Likevel er det ein lang tradisjon med lokale nemningar i byen, som den allereie nemnde Leninhøyden er eit godt døme på.

Både Leninhøyden og Skulebarnoppskriftene representerer uoffisiell namngjeving som speglar samfunnstilhøve i ei spesifikk tid, heller enn

3 Personleg kommunikasjon med Peder Gammeltoft og Kristin Synnøve Kjos ved Språksamlingane, Universitetet i Bergen.

språklege endringsprosessar. Dei uoffisielle namna er altså ein av fleire inngangar til stadnamngranskinga, og denne inngangen kan opne opp for å utforske korleis sosiale tilhøve kan lesast utifrå namngjevingspraksisar, eit tema som går inn under sosioonomastikken.

## Post 2. Gatenamn som inngang til historie, språkendring og makt



Bilete 3 På Sydnes finn vi starten på Olav Kyrres gate, oppkalla etter Olav Kyrre, ein sentral person i norsk, og ikkje minst bergensk, historie og eit godt utgangspunkt for å lære meir om språk. Biletet er henta fra Google Maps.

Ved å ta utgangspunkt i gatenamna kan ein også få djupare innsikt i eldre historie og språkhistorie. Etter kvart som byen veks, oppstår behov for å namngje gater. Gatene i dei nybygde områda får gjerne tematisk like namn. I eitt strøk i Bergen finn me gater med namn etter mellomalderkongar. Då desse gatene blei etablerte, stod nasjonalromantikken og nasjonsbygginga sterkt. To av desse er Olav Kyrres gate (1050–1093, gata namngjeven i 1882) og Harald Hårfagres gate (850–932, gata namngjeven i 1873).<sup>4</sup>

4 I same område finst også Magnus Barfots gate (1073–1103), Øysteins gate (etter Øy-

Dette kan brukast som utgangspunkt for å utforske både hendingar og språk i mellomalderen. Kongenamna kan brukast til å formidle kunnskap om korleis den norske personnamngjevinga har utvikla seg (sjå mellom anna Utne 2011). Både Kyrre og Håfagre er kallenamn. Tydinga til sistnemnde er lett å gjennomskode, medan namnet Kyrre krev kunnskap om eldre språk (nor. *kyrr* adj. ‘still’) og er i dag godt etablert som mannsnamn. Namnet er også eit godt døme på lydendringar over tid. /k/ i namnet Kyrre blei uttala som plosiv i gamalnorsk, altså [k]. Deretter skjedde det ei palatalisering i nokre tilfelle som har gjeve uttalen [ç] framfor fremre vokal. I dag uttalar gjerne bergensarar namnet Kyrre med sj-lyden, men det er slett ikkje gjennomført. Namnet til bergensaren Kyrre Gørvell-Dahll har gjeve kortforma Kygo, uttala [ky:go] med [k] framfor fremre vokal.

Dette eit døme på at språket stadig er i endring, og sj-lyden har gått sin sigersgang rundt i landet dei siste generasjonane. I Bergen er det lite som tyder på at endringa har gått stille føre seg. Tvert imot er det stadig debattar om sj-lyden er ei språkendring eller latskap og språkleg forfall (sjå til dømes Åkernes 2016). Nettopp dette kan formidlast i ein post som fokuserer på stabilitet og endringar, og haldningar til desse endringane (om dette sjå også omtalen av post 4).

Medan gatenamn som Olav Kyrres gate kan fungere som ein openberr inngang til språkhistoria og språkleg endring, kan gatenamn også vere ein inngang til språk og makt ved å sjå på kven som er representerte i gatenamn og byrom. I stor grad har dette vore menn (Særheim 2007, Schnell 2022), men dei siste åra har det vore eit auka medvit om korleis språket som omgjev oss, er med på å påverke oss. Fleire byar, mellom anna Bergen, har difor vedteke at nye gater og byrom skal kallast opp etter kvinner (Bergen kommune 2018). Dette brotet med eldre, og til dels umedvitne, namngjevingspraksisar utfordrar og synleggjer dei språklege maktstrukturane som påverkar oss i byrommet. Det maktkritiske perspektivet er ikkje berre relevant for den skeive kjønnsfordelinga i bybildet, men kan også brukast for å gjere ålmenta medvitne om korleis språket som omgjev

---

stein Magnusson 1088–1123), Sigurds gate (etter Sigurd Jorsalfare, 1090–1130), Sverres gate (etter Sverre Sigurdsson 1150–1202), Håkonsgaten (etter Håkon Håkonsson, 1204–1263) og dessutan Magnus Lagabøtes plass (1238–1280). Sistnemnde plass blei først namngjeven i 1994 ved etableringa av det nye jussbygget ved Universitetet i Bergen.

oss, kan brukast for å lære om andre samfunnstilhøve. Døme på dette er bydelen Møhlenpris i Bergen som er oppkalla etter Jørgen Thormøhlen, ein kjøpmann med kopling til slavehandel. I denne bydelen fortel også den manglende språklege representasjonen av den utrydda jødiske minoriteten noko om kven som blir synleggjort og kven som forsvinn i byrommet.

Innhaldet i postane over er typisk språkhistorisk, og det opplyser om ulike trekk i språkutviklinga som lydendringar, etymologi og folkeetymologi og rettskrivingspraksisar knytte til ulike periodar. Identitetsperspektivet kjem også til syne, men i mindre grad, til dømes i samband med spørsmål knytte til representasjon av ulike grupper i gatenamn og byrom, og individua sine haldningar til språkendringar.

### Post 3. Stabilitet og endring



Bilete 4 Ulike menneske legg ulikt meiningsinnhald til dette biletet som blei presentert på konferansen Norsk stadnamnarkiv i 100 år, Jubileumskonferanse ved Universitetet i Bergen i 2021. Bilete: Trude Bukve.

Førre post inneholdt ein kort presentasjon av utviklinga til sj-lyden, ein lyd som har fått fotfeste i norske dialektar. Bøe (2015: 39) syner til at sj-lyden med variantane [sç], [ʃç] og [ʃ] kan reknast som eit sluttprodukt av fleire lydendringar, og denne assimilasjonen av ulike konsonantsekvensar

finn ein også i andre nordgermanske språk og dialektar. Det er dokumentert førekomstar av sj-lyden heilt attende til informantar frå Bergen sentrum fødde i 1908 og 1909 (Bøe 2015: 44), men det var først på 1970-talet at samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/ blei utbreidd blant ungdommar i Bergen (Sandøy 2008). Trass i at samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/ har ei lang historie i norske dialektar, eksisterer det likevel ulike haldningar til språk og språkbruk, og ikkje minst gjeld dette for sj-lyden (sjå til dømes Johansen 1983; Mæhlum mfl. 2008).

Teksten «isje test meg» på biletet 4 stod på ein vegg i Marken i Bergen. Biletet førte til ulike innspel og perspektiv på konferansen *Norsk stadtannmarkiv i 100 år*. Konferansedeltakarane kom inn på alt frå språkendring, skriftleg representasjon av talespråket og normering av dialektar, til lån frå engelsk og talefeil (sjå post it-lappar på biletet 4). Både dei formelle sidene ved uttrykket og dei meir sosiolingvistiske perspektiva blei altså løfta fram. Dette illustrerer at ulike menneske legg ulikt meiningsinnhald i same språklege trekk, gjerne basert på eigen kunnskap og erfaring. Ved å la publikum i fellesskap utforske eigne haldningar til eit spesifikt språkleg trekk, vil dei også erfare at vi alle har ulike inngangar til og vurdering av språk og språklege praksistar.

Den språklege praksisen til den anonyme taggaren i Marken syner den sterke koplinga mellom språk og identitet. Rettskrivingsvalet <isje> ser med ein gong meir genuint ut enn <ikkje> i Bergen, der dei fleste skriv bokmål trass i den nynorsknære uttalen nokre har av nektingsadverbet. Slike fenomen opnar for ei meir sosiolingvistisk tilnærming, der staden kan nyttast som utgangspunkt for utforskinga av sosiale og samfunnsmessige tilhøve som skin gjennom i språk- og namnebruken i byrommet. Liknande identitetsmarkørar kan ein finne att i alt frå runeinnskrifter og bumerke til tagging og graffiti.

## **Drøfting**

Som nemnt innleiingsvis legg UNESCO i dag vekt på at kulturarven famnar om både monument, samlingar av objekt og immaterielle kulturminne (2003). Artikkel 2, 1 i Konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven presenterer definisjonar av kva denne er, og der presiserer UNESCO at:

*This intangible cultural heritage, transmitted from generation to generation, is constantly recreated by communities and groups in*

*response to their environment, their interaction with nature and their history, and provides them with a sense of identity and continuity, thus promoting respect for cultural diversity and human creativity.*

Overføring av kunnskap, inkludert språk, fra generasjon til generasjon skjer i samspel med både menneske og miljø. Å vere medviten om dette kan i seg sjølv gje ei form for identitet og kontinuitet til aktuelle samfunn og grupper (UNESCO 2003).

I prosjektet *Språkspor i byen* er det språket i seg sjølv som utgjer den immaterielle kulturarven, og gjennom arbeidet med å formidle kunnskap om språket dokumenterer, vidarefører og gjer vi tilgjengeleg ein del av den immaterielle norske kulturarven mange ikkje er medvitne om. Inngangen til variert og interdisiplinær kunnskap om språket som omgjev oss, er staden, noko som har blitt konkretisert i dei fire postane vi har presentert her. Postane viser mellom anna korleis innhaldet kan vere knytt til språkhistorie, landskap og folkeetymologi, og vise fram språklege ressursar og innhaldet i desse (post 1) og dessutan kople dagsaktuelle tema som samfunnstilhøve, lydlege endringar, makt og namngjeving (post 2 og 3). Staden er altså ikkje berre ei språkkjelde og eit identifikasjonsmerke (sjå Særheim 2018: 259f), men også ein inngang til språket som identitetsmarkør og uttrykk for samfunnstilhøve og maktstrukturar.

I 2022 vart Målføresynopsisen ved Språksamlingane ved Universitetet i Bergen innlemma i Noregs dokumentary, den norske delen av UNESCOs Memory of the World-register.<sup>5</sup> Av andre døme på norske UNESCOakkrediterte rådgjevande institusjonar for forvaltning av immateriell kulturarv kan vi nemne Norsk senter for folkemusikk og folkedans (UNESCO u.å.). Når det gjeld dei norske stadnamna, framhevar § 1 i stadnamnlova (gjeldande frå 1991, sist endra i 2021) statusen deira som språklege kulturminne. Eit slikt juridisk vern om namna kan seiast å springe ut frå ein nasjonal politisk vilje i takt med det auka fokuset på den immaterielle kulturarven internasjonalt, mellom anna ved UNESCO.

Auka merksemd på eit språkleg fenomen kan føre til endringar, noko ein finn fleire døme på i norske byar og tettstader. Til dømes har mangelen på representasjon av kvinner i byrommet ført til ei rekke politiske vedtak

5 <https://www.kulturradet.no/norges-dokumentary>.

om at nye gater og plassar skal bli gjevne namn etter kvinner. Her kan vi trekke fram vedtaket frå Bergen kommune i 2018 (Bergen kommune 2018). Andre grupper er framleis nær usynlege i det lingvistiske landskapet. Det er vanskeleg å bli merksam på eit fråvære, og nettopp dette er noko ei språkrute kan tematisere. Dette kan til dømes gjelde den jødiske minoriteten som budde på Møhlenpris, men også andre representantar med fleirkulturell bakgrunn, det vere seg frå urfolk, nasjonale minoritetar eller nyare innvandring.

Å gjere eit utval av tema som er knytte til den aktuelle staden, er ei form for kuratering. Studentperspektiva kan vere nye og kreative, og gje inngangar til språket og staden som tradisjonelt ikkje har blitt løfta fram. Samstundes kan rolla som kurator føre til utfordringar, både når det gjeld utval, og ikkje minst formidling av den immaterielle kulturarven. Det krev opplæring og modellering i møte med studentane, og dessutan tett oppfølging og kvalitetssikring av studentarbeidet.

### **Studenten som kurator: Moglegheiter og utfordringar**

For å formidle kunnskap om språk treng ein sjølv god innsikt i og oversikt over aktuelle tema. For studenten krev dette god oversikt over faget, og læringsprosessen omfattar ikkje berre å skulle lære for å lære, men også å lære for å formidle. I dette arbeidet får studenten oppleve at språk og kunnskapen om språk ikkje er statisk, men i kontinuerleg endring. Å ta i bruk staden og lokalmiljøet for å formidle fag må likevel lærest, og forskinga legg mellom anna vekt på at «[n]orske lærere må gjennom lærerutdanningen [...] få muligheten til å lære seg å bruke læresteder utenfor klasserommet» (Wigestrand og Berntsen 2021). Målet med prosjektet *Språkspor i byen* er nettopp dette: Å gje studenten ferdigheitene som skal til for å sjå banda mellom språk og stad, kople fagstoff til staden og formidle denne kunnskapen til ålmenta.

I dette arbeidet kan det også oppstå fleire utfordringar, både for den fagtilsette og for studentane. I formidlinga lyt studentane klare å tilpasse det faglege nivået til publikum med ulike kunnskapsnivå, og dei lyt formidle korrekt fagkunnskap. Dette krev at studentane aktivt finn og tek i bruk faglitteratur og nærmar seg stoffet kritisk. Dei må også vere etterrettelege i formidlinga, og det digitale formatet krev at dei er medvitne om reglar for bruk og formidling på internett. Denne kompetansen kan ein ikkje rekne med at studentane har, noko som krev fagleg kvalitetssik-

ring av postar før offentleggjering på vegner av prosjektet. For at formidlinga ikkje berre blir ei parafrasering av andre kjelder, krevst det at den vitskapleg tilsette har fagleg tryggleik og ønske om å følgje studenten sin veg i formidlinga av språk og stad. Modellering og fagkunnskap er ein føresetnad for at formidlinga fører til folkeopplysning, og ikkje blir ei vidareføring av folkeetymologiar og omskrivingar som gjer at formidlinga av språket som immateriell kulturarv blir utan verdi.

For å kunne formidle kunnskap om språk og stad, og i tillegg auke ålmenta sitt medvit om dagsaktuelle tema og debattar knytte til språk i byrommet, krevst det at studenten også evnar å sjå fråvære av representasjon, og ikkje berre tek utgangspunkt i namn og fenomen som er synlege i byen. Eit overordna mål med prosjektet er at studentar og ålmenta skal bli medvitne om korleis språkbrukarar samhandlar med og tek i bruk byrommet som aktive berarar av felles kultur og minne (Bortolotto 2007), og at forsking og formidling av språk og stadnamngransking skal utgjere ein naturleg del av utdanninga til dei framtidige norsklærarane. Ein styrke ved å bruke QR-kodar er nettopp at innhaldet dei opnar til, kan tilpassast og supplerast over tid, både i omfang og tema.

## Oppsummering og konklusjon

Prosjektet *Språkspor i byen* ønskjer å formidle dei språklege kulturminna som språket og staden representerer. Dette bygger opp under noko av intensjonen med lov om stadnamn, som mellom anna er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne (stadnamnlova 2021, § 1). Onomastikken gjev oss kunnskap om tolkingar og bevaring av namn, og blant desse finn vi stadnamna. Prosjektet har ikkje som mål å endre på sjølve tradisjonen eller praksisen innan feltet, og vi kan difor ikkje hevde at dette prosjektet kan imøtekome den uttrykte bekymringa over mangelen på kompetanse innan faget (Strand 2021). Derimot er *Språkspor i byen* eit forsøk på å bruke staden og stadnamna som inngang til å formidle kunnskap om ulike sider ved språket. Eit overordna mål er å gjere forsking og kunnskap om aktuelle språklege tema generelt, og namnegransking spesielt, tilgjengeleg. Ved å la studentane fungere som kuratorar let ein dei ta eigarskap til språket som omgjev dei. Deltakinga deira i å definere kva for kunnskap vi formidlar og vidarefører, og oppdaginga av språklege maktstrukturar og praksisar, er ei nedanfrå-og-opp-tilnærming som kan auke interessa for den kunnskapen som finst i byrommet. Verdien i auka

kunnskap og interesse for språket som omgjev oss, kjem ikkje berre studenten til gode, men også ålmenta.

## Litteratur

- Ainiala, Terhi 2016: Names in Society. Carole Hough (red.): *The Oxford Handbook of Names and Naming*. Oxford: Oxford University Press.
- Akselberg, Gunnstein 2012: *Fra Bontelabo til Ånuglo: stadnamn i Hordaland*. Oslo: Samlaget.
- Bergen byleksikon 2001: Ulriken  
<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1424377>  
(lese 05.08.22).
- Bergen kommune 2018: Privat forslag fra Oddny Irene Miljeteig (SV) og Hilde Maria Boberg Andresen (SV) vedrørende gatenavn og kvinnehistorie.  
<https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/904803/Inn-stilling-vedtak-Privat-forslag-fra-Oddny-Irene-Miljeteig-SV-og-Hilde-Maria-Boberg-Andresen-SV-vedrorende-gatenavn-og-kvinnehistorie->  
(lese 27.07.2022).
- Bjelland, Leiv 2022: «Aktiv formidling» og «passiv tilgjengeliggjøring» 20 år etter. *Formidling i arkivsektoren. Norsk Arkivforum* 28: 45–74.
- Bortolotto, Chiara 2007: From Objects to Processes: UNESCO's 'Intangible Cultural Heritage'. *Journal of Museum Ethnography* 19: 21–33.  
<https://www.jstor.org/stable/40793837>
- Budal, Ingvil Brügger 2017: Talemål og lokale namn som språkdidaktisk arbeid. Ei kime til vidare arbeid. Eli Bjørhusdal & Ingvil Brügger Budal (red.): *Nynorsk med dei minste*, 197–215. Oslo: Samlaget.
- Bugge, Edit 2018: Språksamlingane ved UiB: Skulebarnoppskriftene.  
<https://www.youtube.com/watch?v=RQwYCz3wGaA>  
(lese 12.07.2022).
- Bøe, Per Sigmund Sævik 2015: Sj-lyden på Vestlandet: 100 år med endringer. *Maal og Minne* 2015: 37–20.
- Heide, Eldar 2016: Stadnamn i masteroppgåver til grunnskulelærarar? *Språksamlingsseminar, NLA* (lese 12.07.2022).
- Holberg-Ordbog. *Ordbog over Ludvig Holbergs Sprog*. Redigert av Aage Hansen mfl. Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. København og Oslo 1981–88. <https://holbergordbog.dk/> (lese 01.08.2022).
- Klevfos industrimuseum u.å.: QR-kodejakt. <https://klevfos.no/qrkodejakt>  
(lese 05.08.2022).

- Larsen, Amund B., Gerhard Stoltz, og Bymålslaget 1912: *Bergens Bymål*. Kristiania: I kommisjon hos Aschehoug.
- Lexau, Siri Skjold 2015: Et universitetssområde for fremtiden – Nygårds-høyden i Bergen. 1960-årenes ambisjoner, og ettertiden som tok dem ned. *Berørt av bygninger, Nordlit* 36/2015. <https://doi.org/10.7557/13.3684>.
- Lunding, Gitte u.å.: Formidling via QR-koder. *Kirkegårdskultur* 1: 60–65.
- Johannessen, Stig Helge 1983: Om 'skjendisar' og 'chipsreiarar'. Bruken av sje-lyd og kje-lyd i bergensmålet'. *Talemål i Bergen* 1: 5–28.
- Kostanski, Laura 2009: '*What's in a Name?*': *Place and Toponymic Attachment, Identity and Dependence: A case study of the Grampians (Gariwerd) National Park name restoration process*. Doktoravhandling, University of Ballarat.
- Mæhlum, Brit mfl. 2008: *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistikk*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Norsk Teknisk Museum 2016: Museets digitale landskap: plasseringsteknologi i digital formidling. Rapport.
- Nätt, Tom Heine 2022: QR-kode. *Store norske leksikon*. <https://snl.no/QR-kode> (besøkt 13.07.2022).
- NG 11 = Oluf Rygh og Magnus Olsen 1910: *Norske Gaardnavne 11. Søndre Bergenhus amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sandsmark, Per Magnus Finnanger 2017: Å stille ut handlingar. Immateriell kulturarv på utstilling. *Norsk museumstidsskrift* 3(2): 42–59.
- Sandøy, Helge 2008: Språkendring. Brit Mæhlum mfl.: *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistikk*, 195–219. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Schnell, Alf Jørgen 2022: Glasur og pynt betyr noe. *Plan* 2: 2–5. <https://doi.org/10.18261/plan.54.2>
- Sletten, Dag 2008: *Bak Blåmannen - Våkendalen - et samfunn som forsvant*. Bergen: Bodoni.
- Stadnamnlova 2021: *Lov om stadnamn*. <https://lovdata.no/lov/1990-05-18-11>
- Strand, Hilde Kristin 2021: Men namnegranskaren var ikkje død. Eller? *Khrono* 29.12.2021.
- Særheim, Inge 2007: Urbane namn og kulturell identitet. Offisiell namngjeving i ein europeisk kulturhovudstad. *Namn og nemne* 24: 65–81.

- Særheim, Inge 2018: Namn. Brit Mæhlum (red.): *Norsk språkhistorie II. Praksis*, 256–363. Oslo: Novus.
- UNESCO u.å.: Norway – Accredited NGOs located in this country. <https://ich.unesco.org/en/state/norway-NO?info=accredited-ngos> (lese 05.08.2022).
- UNESCO 2003: Text of the Convention for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage. <https://ich.unesco.org/en/convention#art2> (lese 23.07.2022).
- Utne, Ivar 2011: *Hva er et navn? Tradisjoner, navnemotter, valg av fornnavn og etternavn*. Oslo: Pax.
- Rose-Redwood, Reuben 2021: The social and political life of names and naming. *Nordisk tidsskrift för socioonomastik* 1: 157–165.
- Wigestrand, Ingrid Larsen, & Berntsen, Knut 2021: Klasserommet er ikke det beste stedet for all læring. *Utdanningsnytt* 11.06.2021. [https://www.utdanningsnytt.no/friluftsliv-knut-berntsenuteskole/klasserommet-er-ikke-det-bestete-stedet-for-all-laering/287929](https://www.utdanningsnytt.no/friluftsliv-knut-berntsenuteskole/klasserommet-er-ikke-det-besteste-stedet-for-all-laering/287929).
- Åkernes, Hanne Louise 2016: Irriterer du deg over folk som sier sjino? *Bergens Tidende* 15.02.2016: <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/AEGAA/irriterer-du-deg-over-folk-som-sier-sjino>